

KOMMUNEREVISJONEN  
Ytre Sogn og Sunnfjord  
KRYSS-REVISJON

Dato: 23.03.2018      Off:  
Sak.nr. 057-2018      Reg.nr.:  
Arkiv: 210801214  
Avd.kode: 1401  
Sakshandsamar T.F.

# Årsmelding

## 2017

### FLORA HAMN KF



## Årsmelding 2017 - Flora Hamn KF

2017 har vore eit spennande år med mange utfordringar og moglegheiter. Det har vert jobba aktivt med mange større og mindre prosjekt som har betydning for Florø by, Flora kommune og regionen rundt.

Vi er no ferdig med sjette året av § 27 samarbeidet om felles sjøområde for kommunane mellom ytre Sogn og Bremanger. Det var når samarbeidet starta 01.01.2012, 7 kommunar med i samarbeidet. Kommunane som er med er:

- Hyllestad.
- Askvoll.
- Fjaler.
- Gaular.
- Førde.
- Naustdal.
- Flora.

Regelverket set strenge krav til kva anløpsavgifta kan nyttast til og føreset at innkravd anløpsavgifta i si heilheit skal nyttast til formålet slik at det totalt sett resulterer i eit 0-resultat over ein 3 - 5 årsperiode.

Flora Hamn KF krev inn anløpsavgift for medlemskommunane og organiserer det som har med sikkerheit i sjøområda.

Akkumulert resultat for §27 samarbeidet var pr. 31.12.2017 kr 4.159.481.

Årsresultatet i 2017 endå på kr 1.247.270 og vert avsett til bunde driftsfond som skal nyttast til tryggleistiltak.

Flora Hamn KF tek og sakshandsaming etter Lov om Hamner og Farvatn for kommunane som er med i samarbeidet. Flora kommune v/Plan og Samfunn sendte hausten 2016 førespurnad til hamnerådet om å få gjennomføre sakshandsaming etter Lov om Hamner og Farvatn i heile Alden hamneområde. Dette har hamnerådet akseptert på gjevne vilkår, Flora kommune har gjennomført dette i 2017.

Samarbeidet har fungert godt og det har vore to rådsmøte i 2017.

Samarbeidet vert leda av eit råd beståande av ein representant frå kvar kommune som er med i samarbeidet. Styreleiar i Flora Hamn KF er valt som leiar for rådet.

Monica Sande frå Bremanger kommune har i 2017 vert leigd inn i inntil 50 % stilling i samarbeidet. Ho er og sekretær for samarbeidet. Flora Hamn KF planlegger å avslutte dette samarbeidet og gjennomføre arbeidet med eigne ressursar frå sommaren 2018.






Flora Hamn KF har hatt eit aktivt år med mange prosjekt, som blant anna:

- Ny fiskerihavn i Hesteneset i Florø.
- Dialog med Bremanger hamn og Nordfjord Havn IKS for å etablere eit hamnesamarbeid.
- Samtaler med Nordfjord Havn IKS vedrørende etablering av Kinn kommune.
- Fjerning av eldre oppdrettsanlegg i Flora kommune.
- Nytt kamera- / adgangssystem på Fugleskjærskai
- Gjennomføring av ny sårbarhetsanalyse og sikringsplan for Florø hamn.
- Flora Hamn KF sitt i referansegruppe for å utvikle eit meir moderne og effektivt hamnedataprogram – Portwin 5.
- Forhandling av avtaler knytt til både kjøp og sal av areal
- Ny skyss-stasjon
- Innkrevjing av vederlag på andre private og offentlege kaier.
- Gjennomgang og avklaringar rundt leigeforhold på Flora hamn KF sine areal.
- Hamna er representert i den kollektive redningsleiinga og deltok på overgangen frå Sogn og Fjordane Politidistrikt til Vest Politidistrikt. Stiller no med vararepr. for Bergen hamn.






## Gods i Tonn 2013 – 2017



\*Statistikk er henta frå SSB – "Havnestatistikk. Anløp, etter hamn, statistikkvariabel og kvartal.



## Anløp Alden hamneområde 2013 – 2017



\*Statistikken er ikkje henta frå SSB.

Intern statistikk som avviker noko frå SSB sine statistikker. Vi nyttar interne statistikkar fordi vi meiner SSB sin statistikk gjev eit uriktig bilde frå og med første kvartal 2017. Dette skyldast blant anna at mange mindre kystfartøy ikkje nyttar SafeSeaNet.


Opplysningar om statistikken til SSB:

*"Fra 1. kvartal 2017 er anløpsstatistikken basert på data fra SafeSeaNet (SSN). Statistikken inkluderer nå bare godsskip over 300 bruttotonn, mens den i tidligere kvartaler inneholdt alle godsskip over 100 bruttotonn. Flere bulkskip (skipkode 2) faller i ny datakilde under skipstypen stykkgoods- og andre tørrlastskip (skipkode 3). Konsekvensene for statistikken er at det på havnenivå vil det kunne være færre anløp, mens anløpt bruttonnasje vil være mindre påvirket av ny datakilde for anløp. Omkoding av skipstyper fra SSN-data vil også medføre relativt flere anløp av stykkgoods- og tørrlastskip, og relativt færre av bulkskip."*





## Passasjerar over Flora Hamn 2013-2017



\*Statistikk er ikkje henta frå SSB.

Intern statistikk som omfatter all rutetrafikk på Fugleskjærskaiia utanom Hurtigruta.





## Økonomiske resultat 2017

Flora Hamn KF hadde ei omsetning i 2017 på Kr 12 044 249

Omsetninga i 2016 var til samanlikning på Kr. 12 005 341

Positivt netto driftsresultat i 2017 viser Kr. 2.405 165 mot 2016 som viste Kr. 3.488.003

Flora Hamn KF har ein eigenkapital ved utgangen av 2017 på Kr 129.385.909 og samla gjeld utgjør Kr 43.929.547

Styret vurderer økonomien i Flora Hamn KF til å være sunn ved utgangen av 2017 og forventningane for 2018 er at denne situasjonen vil halde ved også dette året.

Styret er likevel uroa over dei langsiktige konsekvensane som regelverket for fastsetting av anløpsavgifta f.o.m. 2012 kan få for økonomien i Flora Hamn KF og arbeider difor målbevist for å kartlegge dette så godt som mulig, samt å planlegge tiltak for å sikre at hamna har ei tilfredsstillande inntening.

I framlagd NOU knytt til revidering av Hamne- og farvasslova har fleirtalet i utvalet tilrådd at anløpsavgift ikkje skal kunne krevjast inn av kommunar, samt at ansvaret for kommunane sine sjøareal skal overførast til staten (sjøareal i hamneområder er tilrådd at framleis skal ivareta kast av stablerte hamneorgansiasjonar).

### Alden hamneområde.


Omsetning i Alden hamneområde 2017:	Kr. 4.753.010,-
Netto driftsresultat 2017:	Kr. 1.247.270,-
Akkumulert resultat for §27 samarbeidet pr. 31.12.2017	Kr. 4.159.481,-
Driftsresultatet kan berre nyttast til å finansiere prosjekt knytt til tryggleik i hamneområdet.	

I 2017 har trafikken vort stort sett lik trafikken i 2016. Det er forventat at det i 2019 skal vere auka trafikk på offshorebasen.

"Grønare hamn" er eit miljøprosjekt som er vedtatt av bystyre/kommunestyre i alle kommunane som deltek i §27 samarbeidet. Og som gav inntil 50% rabatt på anløpsavgifta på fartøy som har ein høg ECI-score (eit internasjonalt system som definerer kor miljøvennleg eit fartøy er) i 2017. Rabatten vart for 2018 endra til 40%.

### Aktivitet.

Trass i reduksjon i olje og gassaktiviteten i Norge, har det vore meir trafikk av Offshore fartøy enn forventat på hamna dei siste åra. Hamna har eit godt samarbeid med oljebasen om plassering av fartøy som treng kai plass for venting, men behovet for ventekai har i periodar vort mindre. Vi opplever ein mindre auke av fartøy i kystfart.





Antall anløp i Alden hamneområde 2017: 7884

Antall kaibesøk i Alden hamneområde 2017: 9204

Kaibesøk på Flora hamn KF sine kaier i 2017:

Fugleskjærskai hamneterminal u/lokale rutebåtar:	2278 kaibesøk
Gunhildvågen hamneterminal:	118 kaibesøk
Flytebrygge ved Amfi:	206 kaibesøk
Flytebrygge ved gamle fisketorget:	54 kaibesøk
Kringleskjæret offentlig kai:	6 kaibesøk
Botnastranda Aust:	31 kaibesøk
Amtskaia/Torgkaia:	169 kaibesøk
Fiskerikaia i Hesteneset:	1 kaibesøk

Kaibesøk på private kaier i Flora kommune 2017:

Fjord Base:	1202 kaibesøk
Ewos:	569 kaibesøk
Westcon Yards Florø	108 kaibesøk
Felleskjøpet	47 kaibesøk
Vartdal Gjennvinning	18 kaibesøk
Slakteriet AS:	281 kaibesøk
Norwegian Sandstone Export AS	190 kaibesøk
Tømmerkaia I Eikefjord:	17 kaibesøk
Hesteneset Slepebåt	155 kaibesøk
Andre kaier og oppdrettsanlegg i Flora kommune:	801 kaibesøk

Antall kaibesøk i kommuner i Alden hamneområde 2017:

Flora kommune u/lokale rutebåtar	6251 kaibesøk
Naustdal kommune	10 kaibesøk
Førde kommune	182 kaibesøk
Gaular kommune	53 kaibesøk
Askvoll kommune u/lokale rutebåtar	778 kaibesøk
Fjaler kommune	293 kaibesøk
Hyllestad kommune	1637 kaibesøk*

*\*Rutebåtar som anløper Rysjedalsvika i Hyllestad vert rekna med kun eit kaibesøk pr døgn. Dette gjeld ferja Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella og hurtigbåt mellom Bergen-Sogn og Bergen-Nordfjord.*

Westcon Yards har i 2017 hatt besøk av rigg. Kystverket har i 2014 og 2015 utdjupa innseglinga til Florø ned til -16m LAT og ei bredde på 120m. Dette syner seg å ikkje vere godt nok, og det er eit stort behov for å utdjupe innseglinga til 20 m LAT for å kunne konkurrere om å få riggane til Florø. Kystverket har starta arbeidsgruppe for å utdjupe innseglinga ytterligare der Flora hamn KF v/hamnesjefen deltek.







Det har vore nedgang og mindre trafikk av fryseskip og fiskefartøy og andre lastefartøy på Flora Hamn KF si kai i Gunhildvågen med i alt 118 fartøy i 2017, mot 171 fartøy i 2016.

Det meste av pallelast med frosen fisk frå Pelagia har gått over denne kaia, samt varer til Ewos. Pelagia har lagt ned produksjonen i Gunhildvågen og det har difor vert ein kraftig nedgang på aktiviteten i Gunhildvågen og på Fugleskjærkaia.

Flora hamn KF har inngått formelt samarbeid med Pelagia for å betre legge til rette for at kaia vert tilgjengelig for allmenn nytte. Samarbeidet tok til i slutten av desember 2017, men reint praktisk har samarbeidet eksisterer over lengre tid.

Flytekaia ved Amfi som vart lagt ut i 2012 har blitt brukt av lokale fiskarar og andre fartøy. Denne er populær for mindre fiskefartøy og mellomstore brønnbåtar til bruk ved proviantering m.m.

Flytekaia ved gamle fisketorget har i 2017 vert nytta av "Atløy", "Svanhild" ynskjer ikkje å nytte kaia då dei har bedt om å få å ligge ved Haffen/Amtskaia. "Loyal" har blitt tilbode å ligge ved flytekaia ved gamle fisketorget frå 2017. Flytekaia er utsatt for vêr og vind slik at veteranfartøya ikkje kan ligge der i dårlig vær/mykje vind frå enkelte retningar. I sommarsesongen fungerer likevel kaia rimelig godt til dette formålet. Vi har nytta kaia som ventekai for arbeidsbåtar og mindre fiskebåtar når vi ikkje har andre alternativer.

Kaia på Botnastranda (Fjordbase) har vore utleigd i heile 2017 og bidreg til leigeinntektene i Flora Hamn KF. Det vert jobba med eit moglegheitsstudie der man ser på moglegheiter for å flytte tyngre gods frå Fugleskjærkaia til denne kaia.

Det har vore to brukarmøte i Flora Hamn KF i 2017.

### **Personale / HMS.**

Det var ved utgangen av 2017 totalt 6 tilsette i Flora Hamn KF.

Linda Mortensen Mitdbø vart tilsett som ny hamnesjef og starta i stillinga 01. april 2017. Jostein Lange Bergset var konstituert hamnesjef i perioden 01. januar.2017 til 31. mars 2017. Midtbø gjekk ut i barselpermisjon 12. juni 2017 og Bergset vart konstituert som hamnesjef fram til Midtbø er tilbake i februar 2018.

Gyda Folkedal vart tilsett i eit år engasjement som prosjektleiar frå og med 01. oktober 2017. Og vil i hovudsak jobbe med den nye skysstasjonen.

Bergset søkte i desember 2017 om permisjon i perioden 01.04.18-31.03.20. Permisjonssøknaden vart innvilga og det vart lyst ut ledig vikariat som driftsleiar. Ørjan Storesund er tilsett i vikariatet og starter 01.03.18.





Iht. organisasjon og personaladministrasjonsplan for Flora Hamn KF skal administrasjonen i Flora Hamn KF bestå av:

- Hamnesjef
- Administrasjon og Økonomimedarbeidar
- Driftsleiar
- Senior Hamneinspektør
- Hamneinspektør/kontormedarbeidar.

Sjukmeldingar og fråvær i Flora Hamn KF i 2017:

- 17 dagar med eigenmelding. Dette tilsvarer omlag 1,5 % sjukefråver

Det var ingen skader på menneske i 2017.

### Styret

Styret har i 2017 bestått av fylgjande personar:

Medlemmer:

Styreleiar: Vidar Grønnevik

Nestleiar: Petter Refsnes

Medlemmar: Jacob Nødseth

Harald Lindvik

Kjell Hafstad

Varamedlem:

- Arlene Vågene

- Solveig Willis

- Vivian Norstrand

- Bente Nilsen

- Tore Hovden

Styret i Flora Hamn KF vart i Flora bystyre 07.11.2017 valt for to nye år, og det vart gjennomført eit suppleringsval i Flora bystyre 19.12.2017.

Etter suppleringsvalet har styret i Flora hamn KF følgjande samansetning:

Medlemmer:

Styreleiar: Vidar Grønnevik

Nestleiar: Petter Refsnes

Medlemmar: Jacob Nødseth

Bente Nilsen

Kjell Hafstad

Varamedlem:

- Arlene Vågene

- Solveig Willis

- Vivian Norstrand

- Rune Otto Nilsen

- Tore Hovden

I 2017 har det vore totalt 11 styremøte.





### **Bygging av fiskerikai på Hesteneset.**

Hamna har i 2016 og 2017 arbeida med å bygge ny fiskerikai på Hesteneset. Det vart gjeve mellombels bruksløyve for kaia desember 2018. Utnytting av bakareal er tiltenkt fiskeriformål. Før bakarealet kan utnyttast må tilkomstvegen ferdigstillast. Flora fiskarlag og andre fiskarar vert invitert til å delta i planlegging av bruk av arealet.

### **Gjesteamna i Florø**

Florø Parkering AS har vert ansvarleg for vertsfunksjon og innkrevjing av vederlag på gjesteamna. Florø Parkering AS har i 2017 samarbeida med Visit Fjordkysten for vertsfunksjonen. Flora hamn KF har hatt ansvar for å utføre teknisk oppsyn og vedlikehald. Flora hamn KF har fått i stand eit nytt gjesteservicehus for gjesteamna, og Florø har nok eit av Noregs beste gjesteservicehus i dag. I tilknytting til gjesteservicehuset har Flora hamn KF og Flora kommune samarbeida om å etablere offentleg toalett. Både gjesteservicehuset og det offentlege toalettet vart åpna under båt- og bymessa Flo & og Fjære 20. mai 2017.

### **Ny skysstasjon**

Flora Hamn KF har i 2017 hatt fleire møter med Sogn og Fjordane Fylkeskommune for å komme til einigheit om dei praktiske løysingane og arealdisponeringane på Fugleskjærskai aust. Det er lite plass på Fugleskjærskai, og det er difor ekstra utfordrande å planlegge skysstasjon kombinert med effektiv godshandtering. Hamna har planlagt skysstasjonen med fokus på tilrettelegging for trygg ferdsel for passasjerane, dette medfører utfordringar for måten godsterminalen vert drifta idag, og det vert jobba med å sjå på moglegheiter for kompenserande tiltak/tilrettelegging. Sjølv om containerane vert flytta til Botnastranda Aust, så vert det behov for godshandtering på Fugleskjærskai. Dette kan vere gods til/frå Hurtigruta eller kaiar i øyane.

### **Redusert bæreevne kai D - Fugleskjærskai**


Det vart i 2017 oppdaga korrosjonsskader i konstruksjonen på kai D(Hurtigrutekai), Fugleskjærskai. Det har vert jobba med å avdekke omfanget av skaden på/i kai. Undersøkinga har resultert i at Flora hamn KF har satt ned forbud mot å kjøre containertrucken på kai D inntil vidare. Dette reduserer våre fordelar med å kunne laste/losse to containerskip samtidig i Florø. Dette er ein fordel vi over tid har dratt god økonomisk vinning av.

Alle kjøretøy/lastebærarar som har lov å kjøre på norske vegar kan fortsatt kjøre på kai.



Florø 23.03.2018




  
Vidar Grønnevik  
Styreleiar

  
Petter Refsnæs  
Nestleiar

  
Bente Nilsen  
Styrerepresentant

  
Jacob Nøseth  
Styrerepresentant

  
Kjell Hafstad  
Styrerepresentant

  
Linda Mortensen Midtbø  
Hammesjef / dagleg leiar

